

Høyringsvar på høyringsmøte d.d. 8. juni 2026 angående skulestrukturen i Drangedal kommune, og følgjene det kan få for Tørdal skule.

L.S.,

Å knyte det å behalde- eller leggje ned skulen til økonomiske grunnlag og så argumentere med at større skular er betre fordi dei gjev eit breiare fagmiljø med meir variert kompetanse, er misvisande. Alle lærarane har same utdanning; det blir ikkje meir variert kompetanse, breiare fagmiljø, eller betre skule av det.

Det motsette er sant tenkjer eg. På ein liten skule knyter lærarane relasjon til alle elevar, blir utfordringar tidlegare oppdaga, og - på grunn av færre elevar - kan det brukast meir tid på kvar elev. Kjensle av fellesskap er høg, fordi alle kjenner tilhøyrse - både små og store - til det fysiske- og sosiale nærmiljøet. Som nokon nemnde på høyringsmøtet, har elevar som kom frå Tørdal skule alltid gjort det bra i livet etter barneskulen, både sosialt og utdannings-/yrkesrelatert. Eg vil påstå at drivet blant tørdølingane for å behalde skulen, spring ut frå at skulen har alltid vore ein viktig del av 'deira gode liv' i Tørdal, og at dei kjenner at det å ha skule er ein føresetnad for å behalde det gode livet framover òg.

Det kommunedirektøren hevdar, at bygdestrukturen som me kjenner den i Noreg ikkje er berekraftig, er direkte feil, og motseier nasjonalpolitikken når det gjeld (mat)beredskap, næringsutvikling og (psykososial) helse. Sjølv om nasjonalpolitikken angående å fremje distrikta har stått på agendaen i fleire tiår viser eg gjerne til nyare politikk i form av stortingsmeldinga 27 (2022-2023): "Eit godt liv i heile Noreg", der det kjem fram at me må sjå på bygdene som ein ressurs og ein motor for framtidig vekst og berekraft.

Veksten viser seg i Tørdal i bygginga av datasenteret på Varpet, som har generert fleire arbeidsplassar allereie og treng fleire folk framover. Lokale aktørar er involverte, men det trengs òg folk utanfrå med spesialisert kompetanse. Det kan vere menneskjer som flyttar tilbake til Tørdal eller nyinnflyttarar. Og her siterer eg direkte frå stortingsmeldinga: «Om folk skal bu i og flytte til distrikta, må det vere viktige tenester som barnehage, skule og helsetilbod i nærområdet. Utvikling av gode tenester krev løysingar som er tilpassa lokale tilhøve».

Med andre ord: vekst krev skule i nærmiljøet. Er det ikkje skule kjem ikkje unge folk (tilbake) til Tørdal for å jobbe på datasenteret eller i anna næring eller teneste som har oppstått som ringverknadar etter den primære næringsutviklinga. Eller verre: unge familiar som bur i Tørdal no, kjem til å flytte ut. Dei kjem ikkje til å flytte til Stranna, dei kjem til å flytte ut av kommunen.

Medan stortingsmeldinga seier følgjande: «Regjeringa har som mål for distrikts- og regionalpolitikken at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal

auke i distriktskommunan», så ser det ut til at kommunedirektøren blæs i det, så lenge reknestykket kjem til å sjå litt betre ut enn det gjer no.

Heldigvis har dei unge føresette i Tørdal skjönt at skulen er ei viktig brikke i utviklingsprosessen, og tatt initiativet til å stifte ein privat skule, slik at denne føresetnaden for vekst skal kome på plass, og skal bli verande. Drivkrafta til desse unge folka er beundringsverdig og har allereie inspirert mange i bygda, som no på ein eller annan måte er med i prosessen av å få ein ny skule som skal erstatte den kommunale skulen.

Stortingsmeldinga seier elles: «Attraktive lokalsamfunn, med tilgang på gode tenester, næringsareal og bustadar, er avgjerande for framtida til Distrikts-Noreg. Kommunane har ei viktig rolle i å planleggje for gode lokalsamfunn, med vekt på arbeid, bustad, eigenart, fritidstilbod og sosiale møteplassar.»

Ikkje berre gjer stortingsmeldinga tydeleg kor viktig dei ulike føresetnadar er for å auke folketalet og utvikling av distrikta, den presiserer òg rolla kommunen har i prosessen.

Difor håpar me på at kommunen verdset initiativet med å stifte ein ny skule, og det å halde Tørdal levande og leveleg.

Me håpar at kommunestyret difor skal hjelpe Tørdal gjennom overgangen til den nye skulen er på plass, og at kommunen skal vere raus med omsyn til lokale den nye skulen treng.

Ved å stifte ein ny skule, sikrar tørdølingane seg tryggleik og tiltrekkingskraft for framtida, medan kommunen kan spare på kostnadane som eit skulebygg fører med seg, og nyte avkastinga til dei nyinflytta skattebetalarane.

Slik skal folk, både i kommunestyret og i Tørdal, optimistisk kunne vere med på å byggje lokalsamfunnet. For det handlar om å kunne leve eit godt liv i heile Noreg. (Meld. St. 27 (2022-2023), kap. 1)

Med venleg helsing,
Lex og Barbara Poutsma
Dale 6, 3753 Tørdal
tlf. 45440828